

Lyser ut senter for kunstig intelligens i maritim sektor

Forskningsrådet lyser ut inntil 100 millionar kroner til eit nasjonalt senter for kunstig intelligens (KI) for maritime aktørar.

PRESSEMELDING | PUBLISERT 7. NOV. 2024

Eit senter for kunstig intelligens i maritim sektor vil auke konkurransekrafta og verdiskapinga i den maritime næringa. Foto: Jonas Bensiksen

– Norsk maritim næring er i verdstoppen, og vi må raskt ta i bruk ny teknologi for å halde på vår posisjon. Eit senter for kunstig intelligens i maritim sektor vil auke konkurransekrafta og verdiskapinga i den maritime næringa, seier Mari Sundli Tveit, administrerande direktør i Forskningsrådet.

Senteret vil ha ei total ramme på 75-100 millionar kroner og vare i fem år, med oppstart i 2025. Senteret skal vere eit samarbeid mellom næringsliv, forskingsmiljø og offentleg sektor.

Problemstillingane skal vere relevante for alle typar maritime aktørar og dekkje problemstillingar innanfor autonomi, digitalisering, grøn skipsfart og tryggleik til havs.

– Forskningsrådet vil løpende vurdere moglegheita for å lyse ut senter innanfor fleire næringar og område, seier Sundli Tveit. Gjennom mobiliseringa og dialogen med mange ulike aktørar det siste året ser vi eit behov for KI-senter innanfor avgrensa tema for kunne ta kunnskap raskare i bruk, seier ho.

Det maritime senteret for KI kjem i tillegg til KI-sentra som allereie er lyste ut under ”KI-milliarden”. Måla med desse er å styrke norsk KI-forsking på tvers av sektorar. KI-senteret for maritim næring er retta mot å ta KI i bruk i ei sterkt og kunnskapsavhengig næring.

Utlysinga har søknadsfrist 12. mars 2025 og vil om kort tid vere tilgjengeleg på nettsidene til Forskningsrådet. Kontaktinformasjon. Kjell Røang E-post: kjr@forskningsradet.no

Pressekontakt



Vivil Vinsrygg

Pressekontakt

vv@forskningsradet.no
+47 95 700 450

Meldinger ved utskriftstidspunkt 3. juli 2025, kl. 15.16 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.